

Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Dykkar referanse: 2010/81288

Bergen 22.5.2018

Søknad om endring av utsløpsløyve for E39 Svegatjørn-Rådal **Høyringsuttale frå Naturvernforbundet Hordaland**

Generelt

Statens vegvesen har søkt om å endra utsløpsløyvet for anleggsvatn og tunnelvaskevatn frå E39 Svegatjørn – Rådal. I gjeldande løyve har dei lov til å sleppa ut inntil 200 mg/l forureina vatn på 35 meters djup i Fanafjorden. Den aktuelle søknaden går ut på å få mellombels løyve ut 2019 til å auka grenseverdien av suspendert stoff (slam) frå 200 til 300 mg/l. Det aktuelle området for utslippet ligg utanfor Stendaholmen, der Fana Steinknuseverk og Bergen kommune heilt sidan Pålamyrsbekken blei lagt i røyr på 1980-talet, har sleppt ut kloakken frå fyllplassen i Rådalen, og berre 200 meter frå eit registrert gyteområde. I følgje dykkarar som har vore nede og sett, er det lite liv å sjå på botnen, etter 30 år med dumping av miljøgifter. No blir det altså søkt om å få dumpa endå meir der.

I tillegg til denne belastninga skal tunnelvaskevatn og overløpsvatn frå tunneluttaket ved Klokkarvatnet sleppast ut i fjorden på 15 meters djup vest for Fanaholmen, etter «rensing i sedimentasjonsbasseng» som det står i søknaden. Dette alternativet blei valt etter at dei ikkje fekk godkjent utslepp i Ålatrætjørna.

Bakgrunn for søknaden med kommentarar frå NVH

Bakgrunnen for søknaden frå Statens Vegvesen er behovet for å bli kvitt anleggsvatn med slam frå tunnelbygginga i Rådalen. I søknaden frå Statens Vegvesen står det at «dei store vassmengdene som skal handterast, gjer at entreprenøren har problem med å halde den grenseverdien som er sett for suspendert stoff». I Naturvernforbundet Hordaland (NVH) finn vi dette noko sjølvmotseiande, for i følgje søknaden er det er vel ikkje vassmengdene som er største problemet, men mengda og konsentrasjonen av suspendert stoff, også kalla slam. Dette blir underkommunisert i søknaden. Vidare står det i søknaden at «--ingen enkeltmålingar skal overstige 1 000 mg/l» og «maksimalt utslepp vil vere på 120 l/s mot tidligere 500 l/s». Dette siste må tolkast slik at gjennomstrøyminga i kloakkleidninga vil bli mindre enn før, samstundes som konsentrasjonen av slam vil bli større, noko vi finn sær sars urovekkande.

Det blir heller ikkje forklart i søknaden kvar dette slamvatnet kjem frå, bortsett frå at det blir nemnt «dagsona i Rådalen». Det korrekte ville vore at det kjem frå tunnelbygginga på E39 og den tilhøyrande steintransporten til deponiet i Hordnesmarka. Både tunnelboringa og

transporten av stein produserer store mengder med støv og slam, som må fjernast for ikkje å skapa store miljøproblem for trafikantar. Dei fleste som har køyrt Fanavegen i det siste, har

nok registrert feiebilane som samlar opp noko av dette slammet. Det mange ikkje veit, og som NVH ved sjølvsyn har konstatert, er at slammet med det oppsamla støvet blir dumpa i eit stort samlebaseng inne på RagnSells sitt område på fyllplassen. Det meste av slammet blir sedimentert og samla opp, men resten renn frå bassenget og ut i fyllingen og derifrå ut i Fanafjorden, delvis gjennom rørsystemet ut forbi Stendaholmen og delvis ut gjennom utette røyr og vidare ut i Mjølkevika. Å snakka om at det vatnet dei har søkt om utsleppsløyve for, er «regnvann som har rent innom anleggsområdet vårt og blitt skittent av humus» slik prosjektleiar Sverre Ottesen påstår i intervjuet med Fanaposten 27. april, er i beste fall berre ein del av forklaringa, i verste fall tøv og bortforklaringar.

Dersom den nye søknaden betyr at det skal leggjast nytt rørsystem heilt frå samlebasenget og ut forbi Stendaholmen, er det sjølv sagt ei forbetring samanlikna med dagens situasjon, fordi det reduserer lekkasjen av forureining ut i terrenget og ned i Mjølkevika. men det er fullstendig uakseptabelt å auka slammengdene som blir pumpa ut i fjorden med 50%, slik søknaden legg opp til, sjølv om det berre er «midlertidig». Slike mellombelse løysingar har ein tendens til å bli permanente, slik vi også har sett med sjølve fyllplassen, som opphavleg også skulle vera «midlertidig» då han blei oppretta på 1960-talet.

Konklusjon

Det er etter NVH si meining uholdbart å påføra Fanafjorden så stor miljøbelastning som tilfellet er no. Vidare dumping av miljøgifter og slam kan føra til oksygenmangel på botnen av fjorden, og fiskedød. Difor må det koma fortgang i arbeidet med å byggja ein ny avløpstunnel som kan føra det forureina vatnet over til kloakkreinseanlegget på Flesland, der det er betre straumforhold enn tilfellet er i Fanafjorden, og der det er lettare å kontrollera utsleppet. Nordåsvatnet som Fanaposten nemner, er heilt ueigna til kloakkutslepp. Indre Fanafjord er eit fjordbaseng som har relativt dårleg utskifting på grunn av tersklar, slik at forureining og miljøgifter vil hopa seg opp. Arbeidet med den nye avløpstunnelen er alt påbegynt i samband med omlegginga av Skeievegen, og bør halda fram, med legging av ny kloakkleidning gjennom det forureina Skeievatnet og vidare til samletunnelen frå Nordåsvatnet mot kloakkreinseanlegget på Flesland. Overløpsvatnet frå Klokkarvatnet må knytast til same avløpstunnelen. Dette må Statens Vegvesen vera med og betala, sidan det er dei som påfører Fana-samfunnet denne miljøbelastninga, og Naturvernforbundet Hordaland oppmodar difor Fylkesmannen om å gi Bergen kommune og Statens Vegvesen pålegg om å starta opp dette arbeidet omgåande, og seia nei til søknaden om auka kloakkutslepp i Fanafjorden.

For Naturvernforbundet Hordaland
Gabriel Fliflet
leiar

Oddvar Skre
sakshandsamar